

## **Sos 100 – emnerapport 2011 haust**

- Innleiing:
- Det var ein relativ omfattande revisjon av Sos 100 hausten 2011. Dett vart lagt fram eit pensum forslag av emneansvarleg Atle Møen som vart godkjent av ei intern arbeidsgruppe. Atle Møen hadde 8 forelesingar, og Mette Andersson, Liv Syltevik og Olav Korsnes hadde ein forelesing kvar.
- Oppsummerande statistikk: Det var 47 studentar som svarte på studentevalueringa, og 87 % var fornøydde, eller svært fornøydde med kurset. 28 % var svært fornøydde, og 62 var fornøydde med forelesingane. Det var 76,6 som var svært fornøydde med seminarundervisninga. At heile 49 prosent seier seg svært einig i påstanden «Jeg synes emnet er faglig interessant» er eit svært godt resultat som er monaleg betre enn evalueringa av kurset frå hausten 2008. Tilsvarande prosent var då 14. 7
- Oppsummert kan ein seia at studentane gav svært gode tilbakemeldingar på kurset, og resultata er endå betre enn for ei tilsvarande evaluering av kurset i 2008.
  - Strykprosent og fråfall: Det var 66 som tok eksamen, og det var ingen stryk. Det var 68 som leverte den obligatoriske oppgåva.
  - Karakterfordeling; Det var 4 som fekk karakteren A, 18 som fekk B, 29 som fekk C, 12 som fekk D, og 3 som fekk E
  - Studieinformasjon og dokumentasjon. All informasjon vart lagt ut ii portalen.
  - Tilgang til relevant litteratur: All litteratur kunne kjøpast på Studia.
  - Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til forbetingstiltak: Det kan konkluderast med at gjennomføringa av kurset var svært god, men det er likevel behov for kontinuerlege lettare revisjonar av pensum. Det er også viktig å forsøka å engasjera mange stabsmedlemmar i kurset.

Atle Møen